



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for kultur

**Møtedato:** 08.04.2014

---

**Sak nr.:** 13/4151-31

**Internt l.nr.:** 11416/14

**Sak:** 18/14

**Tittel:** Kulturstrategi 2014 - 2017, Høyring

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1 Framlegg til kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2014 – 2017 vert sendt ut på høyring til kommunar, institusjonar, organisasjonar, m.fl.

2 Høyringsfrist er 25.05.14

**Endringsframlegg:**

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til tillegg under satsingsområde pkt 1 Kulturarv:

- Gulatinget, arnestaden for demokratiet i Noreg.

Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt for mål:

1. Kultur har ein eigenverdi, og det er eit hovudmål å støtte og utvikle ulike kulturelle ytringsformer til beste for enkeltindivid og grupper av menneske i Sogn og Fjordane.

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg:

Ei redaksjonsnemnd med leiar, nestleiar og direktør får fullmakt til å gå gjennom dokumentet og føreta justeringar i tråd med drøftingane i møtet. Endeleg høyringsdokument vert sendt utvalsmedlemmane på epost for godkjenning.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegga vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Framlegg til kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2014 – 2017 vert sendt ut på høyring til kommunar, institusjonar, organisasjonar, m.fl.
2. Høyringsfrist er 25.05.14

3. Ei redaksjonsnemnd med leiar, nestleiar og direktør får fullmakt til å gå gjennom dokumentet og føreta justeringar i tråd med drøftingane i møtet. Endeleg høyringsdokument vert sendt utvalsmedlemmane på epost for godkjenning.